Årsmelding 2016



NORGES BONDELAG

Innhald

03 Forord
04 Jordbruksoppgjeret 2016
08 Ny jordbruksmelding: – Eit angrep frå alle kantar
10 Rovdyråret 2016
13 Støtta til bonden
16 Bybondens fyrste år
18 Tryggare saman
20 Familielandbruket under press
23 Bistand til medlemmer
25 Velkommen inn på Open Gard!
28 Høgaste medlemstal på 20 år!
31 Landbruket samlast for klimainnsats
33 Andre saker
34 Eit lite utval av arrangementer i 2016
36 Tillitsvalde i Norges Bondelag 2016/2017
37 Styrets representasjon i eksterne utval
38 Oversikt over utval
39 Tilsette i Norges Bondelag
41 Konsernreknskap
45 Notar til årsrekneskapen for 2016
54 Styrets årsberetning 2016
56 Revisors beretning

Forord

I fjor fekk eg den beste julegåva. Etter eit år prega av at regjeringa haldt fram med angrepa sine mot det norske familielandbruket, gjekk vi inn i jula med det høgaste medlemstalet i Norges Bondelag på 20 år. Dette viser ei auka støtte i vårt arbeid for å ta vare på norsk landbruk, og ein veksande motstand mot regjeringas politikk. Forslaga om å svekke konsesjonsloven, skatteskjerpingar, manglande vilje til å følgje opp ulveforliket og ei landbruksmelding med forslag om å avvikle sentrale element i den norske landbruksmodellen, har krevd stor innsats frå Norges Bondelag i året om gjekk.

Rett før året starta annonserte statsminister Erna Solberg at regjeringa ikkje ville få gjennomslag for å fjerne konsesjonsloven. Nokre månader inn i 2016, gjekk ei sak om endra priskontroll og justeringar i konsesjonsloven tilbake til regjeringa etter førebels behandling i Stortinget. Siste ord er framleis ikkje sagt i denne saka.

Jordbruksoppgjeret i 2016 enda med avtale mellom staten og Norges Bondelag. Forhandlingane var prega av steile frontar, men det som var avgjerande for at Norges Bondelag til slutt inngjekk ein avtale, var at vi også greidde å få meir til dei små og mellomstore bruka.

Forhandlingar med ein part som står langt ifrå oss i ei rekkje saker, er krevjande. I 2016 konkluderte vi likevel med at det var meir å tene på å signere avtale enn å bryte forhandlingane. Å signere ein jordbruksavtale er langt ifrå ein signatur på regjeringas landbrukspolitikk.

At landbruksnæringa og regjeringa står langt ifrå kvarandre fekk vi stadfesta nok ein gong då jordbruksmeldinga vart lagt fram mot slutten av året. Regjeringa la fram fleire forslag som stakar ut kursen mot auka liberalisering og sentralisering av norsk matproduksjon. Meldinga skapte sterke reaksjonar då ho kom, og vil fortsette å prege norsk politikk utover våren 2017.

I tillegg til landbruksmeldinga prega ulvesaka slutten av 2016. Tett opp under jul tok regjeringa ved klima- og miljøminister Vidar Helgesen avgjerda om at den vedtatte lisensfellinga av ulv innafor ulvesona i Hedmark ikkje vil bli gjennomført. Vedtaket skapte stort engasjement og sette regjeringas manglande omsyn til dei av oss som bur og livnærer oss i distrikta, på dagsorden. Sjølv om det ikkje vart jakt vinteren 2017, er eg heilt overtydd om at arbeidet frå ei samla beitenæring har sett spor i norsk politikk.

Før jul nådde Norges Bondelag 63.000 medlemmer. Det høgaste medlemstalet sidan 1997. 63.000 bønder og andre støttespelarar som seier eit tydelig ja til norsk matproduksjon og mangfaldig landbruk over heile landet. Dette gir meg energi som har vart langt inn i det nye året. Eg vil også rette ein særleg takk til lokallaga for ein iherdig innsats i året som gjekk. De er grunnfjellet i Norges Bondelag.

Tusen takk til kvar og ein av dykk – saman får vi Noreg til å gro!

Lars Petter Bartnes, leiar i Norges Bondelag

Overlevering av jordbrukets krav.

Jordbruksoppgjeret 2016

Etter intense og tidkrevjande forhandlingar, inngjekk Norges Bondelag og staten jordbruksavtale på overtid.

Jordbruksforhandlingane i 2016 var dei tredje forhandlingane der landbruket møtte den blåblå regjeringa ved forhandlingsbordet. Tala frå Budsjettnemnda for jordbruket som vart lagt fram i forkant av forhandlingane, viste ein tydeleg effekt av regjeringas landbrukspolitikk. Frå 2014 til 2016 hadde dei største mjølkebruka over dobbelt så sterk inntektsvekst som eit gjennomsnittleg mjølkebruk.

Kravet: Moderat krav med tydeleg retning

Jordbruket la fram sitt felles krav til jordbruksavtale 25. april. Kravet hadde ei ramme på 860 millionar kroner og la særleg vekt på å gje dei små og mellomstore produsentane eit inntektsløft.

Den økonomiske situasjonen i Noreg og det moderate lønnsoppgjeret i privat sektor i 2016, la grunnlaget for eit moderat krav også frå jordbruket.

– Kravet er eit svar på nokre av dei utfordringane samfunnet nå må handtere. Ved å satse på verdikjeda for mat, vil regjeringa skape arbeidsplassar og grøn verdiskaping i heile Noreg i åra som kjem, sa leiar i Norges Bondelag, Lars Petter Bartnes då han la fram kravet på vegne av landbruket.

Mangfaldet i norsk landbruk

Kravet la vekt på å støtte opp under mangfaldet i norsk landbruk, både for å auke matproduksjonen, men også for å ta vare på andre fellesgode som kjem heile samfunnet til gode. Det vart lagt opp til eit inntektsløft på 20 800 kr per årsverk, med særleg vekt på dei små og mellomstore bruka.

– Nordmenn har i dag klare forventningar til oss som næring, og er opptatt av verdiskapinga og sysselsettinga landbruket bidrar til. Verdiar som kulturlandskap og levande bygder er også noko folk held høgt. Dette vil vi levere på, sa Lars Petter Bartnes.

Fakta om kravet:

- Ramme på 860 millionar kroner, med 577 millionar kroner i budsjettoverføringar og 193 millionar kroner i auka prisar.
- Økonomisk løft til små og mellomstore gardsbruk
- Legge til rette for auka produksjon av norsk storfekjøtt for å dekke etterspurnaden i marknaden
- Betre økonomien i kornproduksjonen
- Styrke lønnsemda i å bruke utmarksbeite

Statens tilbod: Framleis einsretting mot stordrift

Staten la fram tilbodet sitt 4. mai, eit tilbod med ramme på 90 millionar kroner.

– Regjeringa viser nok ein gong at mindre og mellomstore bruk ikkje skal vere ein del av framtidas landbruk i Noreg. Det er eit tilbod utan visjonar som ikkje svarer på oppdraget frå Stortinget om eit mangfaldig landbruk i heile landet, sa jordbrukets forhandlingsleiar, Lars Petter Bartnes etter å ha lese tilbodet.

I tilbodet sitt til jordbruksavtale foreslo staten å auke målprisane med 125 millionar kroner og reduserte budsjettstøtta med 70 millionar kroner. Staten prioriterte i sitt tilbod å auke kornprisen og arealtilskotet for korn, og å auke beitetilskotet.

Fakta om tilbodet:

- Staten tilbydde 125 millionar kroner i auka målprisar og ein reduksjon i budsjettoverføringane på 70 millionar kroner.
- Auka inntekt per årsverk på 4200 kroner.

Nytt forhandlingsutspel frå staten

Det var stor avstand mellom tilbodet frå staten og kravet frå jordbruket, men etter ein grundig gjennomgang av tilbodet, melde faglaga 6. mai at dei ville gå i forhandlingar med staten.

Lars Petter Bartnes vert intervjua av TV2s reporter undervegs i forhandlingane.

Undervegs i forhandlingane la staten eit nytt forslag på bordet: ei utsetjing av kravet om lausdriftsfjøs for storfeproduksjon frå 2024 til 2034.

Forhandla på overtid

Forhandlingane skulle etter planen vere avslutta fredag 13. mai. Partane forhandla heile den siste natta for å komme fram til ein avtale før fristen, og forhandlingane heldt fram utover dagen og kvelden den 13. mai. Laurdag 14. mai, ein dag på overtid, braut Norsk Bonde- og Småbrukarlag forhandlingane. Norges Bondelag og staten heldt fram sine forhandlingar, og ein avtale vart inngått på føremiddagen søndag 14. mai.

Lars Petter Bartnes: - Utfordrande forhandlingar

– Norges Bondelag er opptatt av å sikre mangfaldet i norsk landbruk. At vi greidde å utjamne inntektsmoglegheitene mellom små og store mjølkebruk var avgjerande for at vi kunne underskrive jordbruksavtale i 2016, seier Lars Petter Bartnes.

Jordbruksoppgjeret 2016 var andre gongen Lars Petter Bartnes var jordbrukets forhandlingsleiar. 6. mai varsla han staten om at Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag var klare til å gå i forhandlingar.

– Vi gjekk inn i forhandlingane med klare forventningar om at regjeringa ville vise betydeleg forhandlingsvilje. Det er heilt avgjerande for å komme fram til ein jordbruksavtale. Då vi til slutt greidde å forhandle fram budsjettmidlar som vi fekk målretta mot små og mellomstore bruk, kunne vi skrive under ein avtale. Men det var tøffe forhandlingar, for dette var langt frå regjeringa sitt utgangspunkt, seier Bartnes.

Korleis er forhandlingane i praksis?

– Dei første dagane sit staten og bondeorganisasjonane i lag i prosedyrar der ein går igjennom punkt for punkt i krav og tilbod. Når forhandlingane startar for fullt er det formannsmøte mellom forhandlingsleiaran til staten og næringa på konkrete saker der det blir forhandla for å finne løysingar. Då er det viktig jobbing i forhandlingsutvalet for å vurdere tilboda, sjå på moglege løysingar og vurdere kva vi kan gå vidare på og ikkje, fortel Lars Petter Bartnes.

Det var i utgangspunktet stor avstand mellom landbruket sitt krav med ei ramme på 860 millionar og staten sitt tilbod med ramme på 90 millionar. Likevel viste vurderingane grunnlag for å gå i forhandlingar. Både Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag sette seg ved forhandlingsbordet.

– Det er i utgangspunktet særs utfordrande å forhandle med nokon som har eit heilt anna syn på korleis landbruket skal utviklast framover. Jordbruksforhandlingane 2016 var også krevjande fordi dei drog ut i tid og det var ein del støy utanfrå med blant anna lekkasjar som påverka det som skjedde ved forhandlingsbordet, seier Lars Petter Bartnes.

For andre år på rad valde Norsk Bonde- og Småbrukarlag å bryte forhandlingane. Kva synst du om det?

– Begge organisasjonane står i sin fulle rett til å bryte, og det respekterer eg. Men det er synd at landbruket ikkje greidde å stå samla gjennom forhandlingane.

Undervegs i forhandlingane kom staten med eit tilbod om å utsetje kravet om lausdriftsfjøs for storfe frå 2024 til 2034. Kor avgjerande var det for at de inngjekk avtale?

– Ei utsetjing av lausdriftskravet var ikkje grunnen aleine til at vi inngjekk avtale. Det mest avgjerande var at vi greidde å bremse opp den einsrettinga med meir støtte til store bruk, som regjeringa så langt har stått for. Men det er klart at kravet om lausdriftsfjøs innan 2024 var ei utfordring særleg for små og mellomstore bruk. 70 prosent av mjølkebøndene driv framleis i båsfjøs, og dette er hovudsakleg små og mellomstore bruk. Ved å forlenge overgangsfasen unngår vi mange nedleggingar fram mot 2024. Ved å utsetje fristen gav vi 6500 bønder betre tid til å investere i ei framtid i norsk matproduksjon. Ei investeringspakke særskilt retta mot små og mellomstore bruk er naudsynt for å få dette til. Dette vil ha høgste prioritet framover. Krava til beiting, lufting og mosjon vart endra for dei båsfjøsa som skal drivast vidare frå 2024 til 2034, seier Lars Petter Bartnes.

Avtalen inneheldt:

- Totalramme på 350 millionar kroner. Det er 260 millionar kroner meir enn statens tilbod.
- Budsjettoverføringane til jordbruket vart auka med 100 millionar kroner, som er 170 millionar kroner meir enn tilbodet frå staten.
- Avtalen gav auka inntektsmoglegheiter i landbruket med 10 700 kroner per årsverk i 2017. Det er 5900 kroner meir enn i tilbodet.
- Norges Bondelag fekk gjennomslag for å styrke kornproduksjon, storfekjøttproduksjonen og klimatiltak.
- Økonomien til små og mellomstore bruk vart betra gjennom å auke driftstilskotet med 8000 kroner per bruk og husdyrtilskotet med 241 kr for dei første 16 kyrne.
- Kravet om lausdriftsfjøs i storfeproduksjon vart utsett frå 2024 til 2034.

Endringar i målpris:

Mjølk	+ 5 øre/l
Svin	+ 9 øre/kg
Potet	+ 15 øre/kg
Frukt og grønt	+ 2,5%
Matkveite	+ 9 øre/kg
Rug	+ 0 øre/kg
Bygg, oljevekstar og erter	+ 7 øre/kg
Havre	+ 6 øre/kg

Ny jordbruksmelding:
– Eit angrep frå alle kantar

I desember 2016 presenterte regjeringa ei ny stortingsmelding om jordbruk, *Meld.St. 11 (2016-2017) Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon.*

– Vi ser eit nytt angrep på mangfaldet i norsk landbruk, og det vil måtte svekke vår måte å produsere mat på, var Lars Petter Bartnes sin første kommentar.

Då ei ny stortingsmelding om jordbruk blei varsla hausten 2015, slo dåverande landbruks- og matminister Sylvi Listhaug fast at hovudmåla for norsk landbruk skulle ligge fast. Mattryggleik, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk.

I jordbruksmeldinga foreslo regjeringa å fjerne ei rekke enkeltordningar som til saman vil bidra til at distriktslandbruket blir svekka kraftig, og bonden får større risiko. Regjeringa foreslo å liberalisere politikken og svekke verktøya som har gitt oss det landbruket vi har i dag.

Det er i hovudsak tre område som blir angripne: marknadsordningane, mjølkekvoteregionane og andre dereguleringar som for eksempel avløysarordninga.

Innhaldet i meldinga

- Regjeringa foreslo at kostnadseffektiv matproduksjon skal vere hovudmålet med jordbrukspolitikken. Dette skil seg klart frå tidlegare mål om mattryggleik, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk.
- Inntektsmålet for bøndene blei også foreslått endra, og regjeringa vil i større grad vege inntektsmålet mot andre målsettingar.
- Regjeringa foreslo å gjere endringar i samtlege marknadsordningar. Dei ville avvikle marknadsordningane for geitemjølk, potet og eple. Dei ville også avvikle marknadsordningar for egg og korn, men gi staten moglegheit for å administrere tiltak. Dei ville i tillegg avvikle målpris for svin og legge om marknadsordninga til volummodellen. Til sist ville regjeringa fjerne moglegheita for å finansiere opplysningskontorene med omsetnadsavgift. Unntaket er Opplysningskontoret for frukt og grønt som finansierast over jordbruksavtalen.
- Jordbruksmeldinga kom med ei rekke forenklingstiltak for jordbruket. Dei ville blant anna fjerne tilskot til avløysing for ferie og fritid og tidlegpensjonsordninga for bønder.
- Regjeringa foreslår ti regionar for omsetnad av mjølkekvotar, mot 18 i dag.
- Det er ingen forslag som bidreg til auka rekruttering i meldinga. Eksempelvis avviste regjeringa forslaget om å innføre kompetansekrav i landbruket, og utsette vedtak om vaksenagronom. Å avvikle ordninga med tidlegpensjon vil virke negativt for rekruttering av unge bønder.
- Kraftfôrbaserte produksjonar blir flytta nærare marknaden. Dette er eit brot med gjeldande politikk der kraftfôrbaserte produksjonar, særleg gris, er brukt for å skape livskraftig landbruk i distrikta.
- Nedprioritering av økologisk landbruk ved at det politiske målet om 15 % økologisk produksjon og forbruk blei foreslått fjerna, og utviklinga skal vere driven av etterspørselen.
- Regjeringa ville redusere jordbruket sitt utslepp av klimagassar og gradvis legge om jordbrukspolitikken i ei meir klimavennleg retning. Klima vil bli vektlagt meir, men skal ikkje innebere auka subsidier til jordbruket.

Bondelagsleiar Lars Petter Bartnes saman med landbruks- og matminister Jon Georg Dale og statssekretær i LMD, Terje Halleland.

Sentralisering bort frå ressursane

Bondelaget møtte jordbruksmeldinga med stor skepsis. Norges Bondelag jobbar for å auke den norske matproduksjonen på norske ressursar. Regjeringa si jordbruksmelding bevegar seg i ei heilt anna retning, mot større gardar og eit meir sentralisert landbruk.

– Å bruke norske ressursar ser ikkje ut til å bety noko for denne regjeringa. Dei legg ikkje opp til å nytte norske beiteressursar eller å jobbe for at ein større del av kraftfôret skal vere norskprodusert. Meldinga tar ikkje tak i potensialet som ligg i landbruk som næring. Matindustrien har ein omsetnad på 153 mrd i dag, og har framleis moglegheit til å vekse, sa Lars Petter Bartnes.

– Regjeringa er meir oppteken av kor mange kilo kjøtt og kor mange liter mjølk kvar bonde produserer, enn korleis vi gjer det. Eg er svært bekymra over at denne jordbruksmeldinga legg opp til ei sentralisering av landbruket bort frå jorda og ressursane. Det vil svekke kvaliteten på den gode og trygge maten norsk landbruk er kjent for, sa Bartnes.

– Eg er ikkje imot endringar i norsk landbruk, men eg er imot endringar vi ikkje treng. Dei endringane regjeringane foreslår, bringer oss ikkje framover. Regjeringa sitt forenklings- og sentraliseringsforslag angrip bonden sin påverknad over framtidig norsk matproduksjon, og tar ikkje omsyn til forbrukaren sitt krav til norsk mat. Dette er ein politikk som berre tar omsyn til ideologi, og som andre land ønskjer seg vekk frå, sa Lars Petter Bartnes.

Grundige førebuingar i organisasjonen

I tida før meldinga blei lagt fram, gjorde Bondelaget ein grundig jobb med å fortelje kva landbruk vi vil ha, og kva vi meinte ei ny stortingsmelding bør innehalde. Bondelagets hovudmål for framtidas norske landbruk er firedelt: auka produksjon på norske ressursar, berekraftig og klimasmart, trygg mat til alle og verdiskaping og næringsutvikling. Bruk av alle jordressursar, fokus på kvar det er mogleg å auke produksjonen og økonomiske verkemiddel for meir beitebruk er stikkord for auka produksjon. Dette skal skje medan næringa møter ein ny klimakvardag.

Kva for politisk handsaming meldinga vil få i Stortinget, vil vere særs avgjerande for moglegheitane for å ha eit framtidig norsk landbruk på norske ressursar over heile landet.

Rovdyråret 2016

Ulveforliket og seinare mangelen på oppfølging av dette, prega store deler av organisasjonen i 2016. Bondelaget har jobba aktivt for å betre erstatningsordningane for dei som mista dyr på grunn av rovdyr, og for at Stortinget sitt ulveforlik skulle bli gjennomført.

I mars kom stortingsmeldinga "Ulv i norsk natur – bestandsmål for ulv og ulvesone". Der la Regjeringa i stor grad opp til å vidareføre dagens bestandsmål og ulvesone, berre med nokre endringar basert på erfaringane med rovviltforliket frå 2011.

Våren 2016 blei det jobba godt frå Bondelaget på alle nivå, saman med andre organisasjonar, for å påverke Stortinget i rett retning. Etter mykje politisk tautrekking gjekk til slutt eit fleirtal på Stortinget bestående av Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti i juni inn for eit forlik som sette bestandsmålet for ulv i Noreg til 4-6 ynglingar per år og at tre av desse skal vere heilnorske. Rovdata sine offisielle tal frå juni 2016 viste sju heilnorske ynglingar og fire ynglingar i grenserevir.

Norges Bondelag har heile tida vore tydelege på at ulveforliket var nødvendig for å sikre førehandskjende vilkår for beitenæringa i heile Sør-Noreg, og livskvalitet og jaktrettane for dei som bur i ulvesona.

Som ein konsekvens av forliket vedtok rovviltnemnda i Hedmark og rovviltnemnda i Oslo, Akershus, Østfold i eit fellesmøte 16. september å ta ut inntil 32 ulvar avgrensa til tre revir med ynglingar og eit revir med eit ulvepar. Rovviltnemnda sitt vedtak skulle bringe ulvebestanden på norsk side av grensa ned på eit nivå som var i tråd med forliket.

Ulven herja i Rendalen

Sauebønder i Rendalen i Hedmark fekk erfare ulven sine herjingar sommaren 2016. I Sølendalen og Spekedalen, eit beiteområde på omlag 450 000 dekar, blei det slept ut omlag 2000 sau. Det totale tapet blei 591 sau. Av desse blei 176 dokumentert tatt av ulv. Mesteparten av dyra blei berre skada, men skadane var så omfattande at sauene måtte avlivast. Av tidlegare erfaringar så finn ein 25 – 30 prosent av sauene som er tapt etter ulveangrep.

Det blei utført over 4000 timar tilsyn utover normalt dagleg tilsyn i området, fortel Berit Grindflek, styremedlem i Hedmark Bondelag og sauebonde.

– Det gjer noko med deg å sjå så mange skadde og daude dyr. Du skal ikkje gå på sauesanking med børse på ryggen, seier Grindflek.

Måtte hente ned dyra

Ho og dei andre sauebøndene i området er vane til å leve med rovdyr som jerv og bjørn tett innpå seg. Fram til beitesesongen i fjor hadde det ikkje vore eit så stort problem. I 2016 eskalerte det.

I slutten av juli blei sauebøndene i Rendalen pålagt av Mattilsynet å hente dyra frå beite ein månad tidlegare enn planlagt på grunn av fleire ulveangrep. Det blei gitt fellingsløyve fortløpande gjennom beitesesongen, men berre ein ulv blei felt i løpet av sesongen. I etterkant tok Statens naturoppsyn (SNO) ut to ulvar i området.

– Det blei mykje å organisere fordi sauene var over store område, men vi som er ein del av beitelaget jobbar godt saman. Dette dreier seg trass alt om dyrevelferd, seier Berit Grindflek.

– Det var uhyggestemning på setervollen. Stemninga var spesiell. Når vaksne karar med tårer

– Stemninga var spesiell. Når vaksne karar med tårer i auga må skyte den eine lamungen etter den andre, så gjer det inntrykk, fortel Berit Grindflek, styremedlem i Hedmark Bondelag og sauebonde i Rendalen i Hedmark. Ho var ein av fleire sauebønder som erfarte ulven sine herjingar sommaren 2016.

i auga må skyte den eine lamungen etter den andre, så gjer det inntrykk. Ein klarer ikkje å ta inn over seg kor ille eit ulveangrep er før ein har opplevd det sjølv, det har eg forstått etter i sommar, seier ho.

– *Kva treng de framover?*

– Vi treng garantiar for at rovviltforliket blir oppfylt. Ein må innfri bestandsmålet og vi må ha ei heilskapleg forvaltning av rovdyra våre. DNA frå dei fire ulvane som herja i beiteområdet vårt i sommar viser at to av ulvane kjem frå flokkane som var vedtatt tatt ut i Hedmark. Dei to siste ulvane kjem frå eit anna heilnorsk revir og eit grenserevir. Då kan ein ikkje påstå at det ikkje er noko skadepotensial i desse.

– Vi treng betre erstatningsordningar spesielt i forhold til ekstra tilsyn ved rovdyrangrep. Rovvilterstatninga dekker ikkje den store arbeidsbelastninga som alle beitebrukarar i eit beitelag får når det kjem ulveangrep. Alle ser til og sankar dei sauene dei finn, ikkje berre sine eigne. Det er noko av poenget med eit beitelag, seier Berit Grindflek.

Politisk rabalder

Like før jul stansa Erna Solberg si regjering ved klima- og miljøminister Vidar Helgesen den planlagde fellinga av inntil 32 ulvar i ulvesona med planlagt start 1. januar 2017. Helgesen si grunngjeving var at det ikkje finst lovmessig grunnlag for å tillate lisensjakt i Naturmangfaldloven og Bernkonvensjonen. Skadepotensialet var for lite, meinte regjeringa. Fram mot nyttår blei det mobilisert til ein ulvedemonstrasjon framfor Stortinget første veka i 2017.

Einar Frogner, styremedlem med ansvar for rovvilt i Norges Bondelag, var ein av fleire som heldt appell framfor nasjonalforsamlinga.

– Det er underleg at vi må demonstrere for at eit Stortingsvedtak skal bli gjennomført. No må regjeringa manne seg opp og ta ansvar for at vi skal nå det todelte målet med rovdyrpolitikk i Noreg, nemleg at det skal vere plass til både rovdyr og beitenæring her i landet. Ein ting er sikkert, og det er at gjeldande lovverk ikkje er til hinder for at ein følgjer

opp ulveforliket og bestandsmåla, seier Frogner, og held fram:

– Ulvemeldinga fastset at vi skal legge til rette for både rovdyr og beitedyr i norsk natur, og forliket slår fast at bestandsmålet for ulv i Noreg skal vere 4-6 ynglingar av ulv per år, der tre skal vere heilnorske. Fleire juridiske ekspertar har konkludert med at det ikkje føreligg nokre juridiske hindringar til å gjennomføre dette. Dette er eit eksempel på korleis regjeringa skuvar jussen framfor seg, for å sleppe å ta eit krevjande politisk standpunkt, seier Frogner.

Utfordrar beitenæringa

Norges Bondelag jobbar for at vi skal ha ein rovdyrpolitikk som gjer det mogleg å ha aktiv beitebruk over heile landet. Gjeninnføring av ulv og bjørn samt jerv og gaupe utfordrar både beitenæringane, grunneigarar og lokalsamfunn på ein helt spesiell måte. Fylkeslaga legg ned betydeleg innsats for å hjelpe enkelte bønder og lokallag som opplever rovdyrangrep. Samstundes blir det jobba godt politisk inn mot politikarane. Vårt overordna mål er at beitebruk skal bli prioritert sterkare enn det som er tilfellet i dag.

Einar Frogner er uroa over utviklinga av rovdyrreservat i Noreg.

– I Lierne i Nord-Trøndelag ligg beitenæringa brakk av omsyn til bjørn. Det er det same som skjer i ulvesona i Sør-Noreg. Denne utviklinga jobbar vi for å stoppe, seier Frogner.

Jerv er det rovdyret som gjer mest skade på beitedyr, og Einar Frogner er uroa for at stammen vil vekse enda meir såframt den ikkje vert forvalta etter dei vedtekne bestandsmåla

– Norges Bondelag er opptatt av at jervestammen vert forvalta slik at den kjem ned på bestandsmålet. Ein måte å få det til, er å gjere lisensjakta meir effektiv, og at dette vert følgt opp av Statens naturoppsyn (SNO). Målretta tiltak av jerv er det mest effektive tiltaket for å halde tapa av beitedyr nede og eit lågt konfliktnivå om saka, seier Frogner.



Einar Frogner, styremedlem med ansvar for rovvilt i Norges Bondelag, hadde eit aktivt år i 2016 med å følgje opp rovdyrpolitikken. Han er spesielt uroa over utviklinga av rovdyrreservat i Noreg.

Støtta til bonden

«Støtt oss i jordbruksoppgjøret! Til gjengjeld lover vi å gi dere deilig mat på bordet hver dag, å holde kulturlandskapet i hevd, landsbygda levende og over 90.000 i arbeid», var oppmodinga frå Norges Bondelag før jordbruksoppgjeret 2016. Støtta og engasjementet var over all forventning.

Jordbruksoppgjeret er ei svært viktig hending for bønder og for organisasjonane innafor landbruket. Sjølv om det er eit inntektsoppgjer for bonden, angår det langt fleire enn næringa. Før jordbruksoppgjeret 2016 jobba Norges Bondelag målretta med å gjere jordbruksoppgjeret til eit felles prosjekt for bonde og forbrukar, gjennom å spreie kunnskap om matproduksjon som eit fellesskapsskapsprosjekt.

Gjennom våren 2016 kunne vi sjå at fleire og fleire vart opptatt av landbrukspolitikk på ein annan måte enn før. Mens kritikken mot norsk matproduksjon tidlegare vart retta mot bonden, stilte no fleire og fleire spørsmål til politikarane om deira prioriteringar i landbrukspolitikken. Visninga av Brennpunkt-dokumentaren «Framtidsbonden» på NRK i mars var utslagsgjevande for dette engasjementet.

Dokumentaren tok for seg utfordringar ved måten vi driv landbruk på i Noreg i dag. At vi får fleire store einingar, at matproduksjonen blir meir og meir sentralisert og at importert kraftfôr blir ein større del av norsk landbruk. Konsekvensane av dette vart også synlege gjennom dokumentaren på NRK: Færre dyr går på beite og kulturlandskapet gror att, fleire små bruk blir lagt ned og meir av matproduksjonen flyt-

tar seg frå Vestlandet til Austlandet, og areal som kunne blitt brukt til beitedyr, gror att. Dokumentaren viste at dette er konsekvensane av ein villa landbrukspolitikk.

Så var det også regjeringas landbrukspolitikk som fekk gjennomgå etterpå. På sosiale media og i debattar fekk bonden støtte og regjeringa kritikk.

Fram mot jordbruksoppgjeret engasjerte forbrukarane seg på ein annan måte ein før. Dei var opptatt av detaljane i kravet vi leverte. Om jordbruket ville krevje eit driftsvansketilskot, om kraftfôrprisen skulle setjast opp og kva vi ville gjere for å sikre at små og mellomstore einingar fekk moglegheit til å utvikle seg. Vi opplevde at forbrukarene begynte å sjå oss etter i korta på ein annan måte, med eit høgare kunnskapsnivå i botn. Og vi opplevde ei massiv støtte for bonden i jordbruksoppgjeret.

I midten av april bad Norges Bondelag gjennom sosiale media om at folk skulle sende inn bilde til Bondens film. Det vart mellom anna spurt etter bilde av garden din, av bonden, produkta du lager på garden og av dyr på garden. På tre dagar mottok Norges Bondelag nærmare 3000 bilde. Nokre få av desse vart brukt i Bondens film som vart publisert på vår Facebook-side i forkant av at jordbruket leverte sitt krav til jordbruksforhandlingane. Filmen nådde raskt ut til 1,6 millionar menneske. Ved hjelp av to kjente kokkar oppmoda vi deretter folk til å signere ein underskriftskampanje til støtte for bonden i jordbruksoppgjeret. Som takk skulle dei som skreiv under den første timen, få eit bilde med namnet sitt skrive i produktar bonden lager.

På ein time fekk vi 2600 underskrifter og rundt 1000 ulike namn vart skrive i grønnsaker, egg, ved, pløyd på jorde og malt på rundballar. Mange tok i bruk desse underskriftene som profilbilde på Facebook. Folk viste ikkje berre støtte til bonden og landbruket. Dei ville også vere ambassadørar for landbruket og bonden, og vise andre at dei var på lag med bonden.

NRK Hedmark og Oppland lagde to veker med direktesend tv frå eit mjølkebruk i Nord-Fron i september 2016, der vi døgnet rundt kunne følgje med på kamera frå fjøset, frå roboten, frå kalvinga og frå beite. Både spørsmåla som vart stilt og debattane som vart reist viser ein kunnskap om og ei forståing av landbruket. Kan hende er det den nye interessa for mat som gjer at interessa og bevisstheita om jobben som ligg bak, har blitt sterkare. Men når bønder frå heile landet konkurrerer om å bli Noregs Superbonde i beste sendetid på NRK hausten 2016, viser også bonden fram det allsidige ved jobben.

Landbruk er ei politisk næring, og først når folk forstår det, kan dei også ta i bruk verkemidla som skal til for å endre politikk. Kan hende er det kunnskap om bondens rolle, kunnskap om kompleksiteten i biologisk produksjon eller kunnskap kva politiske verkemiddel som ligg bak det landbruket vi har i Noreg i dag, som har løfta samtalen frå å handle om den enkelte bonden, om klassetilhørsle eller om sentrum periferi, til å bli ein kamp for landbruket som fellesgode.

For noko har skjedd når ei støtteerklæring til bonden i jordbruksoppgjeret når ut til 1,6 millonar nordmenn.

ANNE
BINDEN

Norges Bondelag
Bøndens film
De fleste her i Norge kommer
opprinnelig fra en gård,

ANJA
BONDEN

JO
BONDEN

MARUNN
BONDEN

Bybondens fyrste år

Tidleg i fjor gjekk det ut ei spesiell stillingslysing frå Norges Bondelag og Bjørvika Utvikling. Vi skulle tilsetje ein Bybonde for å drive jordbruk på Losæter, ein liten flekk med 3,5 mål jord midt mellom luftetårna til tunnelsystemet under Bjørvika i Oslo. Stillingslysinga fekk mykje merksemd i media, mellom anna i NRK-programmet Nytt på Nytt.

Losæter er ein del av Bjørvika Utvikling si utvikling av allmenningane i Bjørvika. Her skal det bli lagt til rette for urbant landbruk, kunst, matlaging og læring. Andreas Capjon blei tilsett i stillinga som Bybonde, med eit mandat om å bidra til å auke interessa for matproduksjon og bidra til kunnskapsbygging om trygg, norsk mat blant innbyggarane i Oslo.

Her er eit tilbakeblikk på høgdepunkta frå året som har gått på Noregs mest urbane seter:

• I februar blei Andreas Capjon tilsett som Noregs fyrste Bybonde. Andreas har vakse opp på ein gard på Nesodden, og er glødande interessert i urbant landbruk. Norgesgruppen sluttar seg til prosjektet, og avtale blei signert.

• Bybonden tjuvstarta stillinga si i mars for å rekke vekstsesong på mellom anna sellerirot, purre, chili, tomat, aubergine, paprika og kål. Nokre av plantene fekk stå i sola inne på kontoret til generalsekretær Per Skorge, sidan hans vindauge mot sør eigna seg godt som erstatning for drivhus.

• I april blei første spadetak tatt på Losæter. Bybonden oppretta ein avtale med Natur Vidaregåande skule om praktisk hjelp på setra, og med nærliggande bedrifter om å bruke avfallet deira til kompost og jorddekke. 13. april fekk Andreas besøk av to arbeidshestar med plog og horv som jobba opp jorda på setra. Byråd for byutvikling Hanna Marcussen hjelpte til med arbeidet.

• 27. mai var det tid for første innhausting på setra. Ordførar Marianne Borgen i Oslo fekk smake på den første salaten som hadde vakse fram, og hjelpte til med å setje jordskokkar.

– Det er fantastisk med ein stad der skular og barnehagar lærer meir om kvar maten vår kjem ifrå. Eg trur det bidreg til å skape bevisstheit om at vi må ta vare på miljøet på jorda vår. Eg gler meg til å følgje dette prosjektet vidare og er sikker på at det gjer byen hyggelegare, trivelegare og tryggare, sa Borgen.

• I juni bugnar det av flotte salatar og grønsaker på setra. 22. juni får Losæter besøk av landbruksminister Jon Georg Dale, Venstreleiar Trine Skei Grande og Byråd for miljø og samferdsel, Lan Marie Nguyen Berg, som hjelpte til med å så svedjerug.

• 21. august blei det arrangert Open gard på Losæter. Over 500 barn og vaksne kosa seg med smoothie, sykling, hausting av grønsaker, natursti, køyretur med hest og kjerre, samt klapping av sauer og høns.

• I september blei bakarhuset på Losæter ferdigbygd. Huset er offentleg og skal kunne nyttast til både matlaging og formidling av kunnskap om jorda og maten vår.

• I oktober blir bybonden Andreas Capjon nominert til årets formidlar under Matprisen 2016 av DebioInfo og ØQ – økologisk mat i storhusholdninger. Grunngjevinga er at han har vore godt synleg i media, og Andreas sitt unike arbeid med å lære barn og unge om matproduksjon og samanhengane mellom mat, helse og kultur. På Losæter blei siste middag for sesongen fortært, då Sørenga Barnehage endeleg fekk hauste graskara dei sådde i sommar.

I løpet av året har bybonde Andreas og hjelparane hans dyrka fram om lag 75 sortar med grønsaker og åtte urkornsortar. Det er blitt hausta nesten tre tonn grønsakar og poteter den første sesongen på Losæter. Det er blitt arrangert mange Losætermiddagar der over 1000 menneske har blitt servert mat frå setra.

Foto: Lene Neverdal

Tryggare saman

Beredskap på garden er bondens ansvar. Samfunnsberedskap og handtering av krisehendingar er eit offentleg ansvar, og det er kommunane og nødetatar som utgjer kjernen i den lokale beredskapen. Når krisehendingar oppstår er det likevel fleire frivillige aktørar som kan bidra med innsats og ressursar som avgrensar skadeverknadane for samfunnet og dei personane det gjeld. Tryggare saman er Bondelaget sitt eige materiell, utvikla for å dele kunnskap om korleis offentlege og frivillige ressursar saman kan møte risiko- og sårbarheitssituasjonen der vi bur.

Viktigheita av frivillig innsats ved krisehendingar blir av styresmaktene sett på som eit viktig supplement til den offentlege grunnberedskapen. Det blir peika på at den norske dugnadsånda der naboar stiller opp for kvarandre, gjer samfunnet vårt meir robust. Bondelaget er ein slik frivillig ressurs. Våre medlemmer forvaltar særskilte ressursar, i form av lokalkunnskap, maskiner og utstyr. I store deler av landet er ein bonde ein av naboane. Fleire hendingar har synleggjort korleis innsats frå bønder og utstyrsparken deira har bidrege til å avgrense konsekvensane av ulike krisehendingar for dei lokalsamfunna det gjeld. I andre tilfelle har vi sett at uønskte hendingar har ramma landbruket og godt samspel med nettverket rundt har spelt ei viktig rolle.

Ferdigstilt prosjekt i 2016

For å samle kunnskap og gi betre beredskap har Norges Bondelag utvikla «Tryggare saman». Vi har fått midlar frå Gjensidigestiftelsen til å utvikle kunnskapsmateriell om krisehendingar og konsekvensane av desse. Materiellet på nettsida www.tryggeresammen.no skal brukast i samlingar i regi av Bondelagets lokallag for å auke kunnskap og medvit om risiko- og sårbarheits-bildet som lokalsamfunnet og landbruket står framfor.

I løpet av 2016 blei prosjektet utforma, materiellet blei gjort ferdig, og så testa lokallagspilotar kursopplegget på ulike stadar i landet. Kursmateriellet er samansett av ferdiglaga presentasjonar og filmar som ligg på nett, tilgjengeleg for alle som måtte ha interesse av å køyre kurs eller lære meir. Prosjektet har også i stor grad basert seg på å få inn lokal kompetanse på temaet «beredskap» som foredragshaldarar og diskusjonspartnarar på samlingane.

Nøgde pilotar

Seks lokallagspilotar har i løpet av 2015 og 2016 fått teste Tryggare saman.

– Vi er kjempenøgde med dette prosjektet, seier Svenn Ove Fosseng. Fosseng var leiar i Fosnes Bondelag då lokallaget gjennomførte kursopplegget i 2016. Nå er han styremedlem i Nord-Trøndelag Bondelag, og seier han rår andre lokallag til å bruke Tryggare saman.

– Vi bønder lærte mykje om det å ta ansvar for og gjere vår eigen gard og kvardag sikrare, seier Fosseng. – I tillegg er vi blitt mykje meir bevisst på kor viktige vi er for kvarandre.

Fosseng fortel at tilsette både i kommunen og hjå fleire andre styresmakter var særs velvillige til å vere med som innleiarar på samlingane. Fosnes

Som avslutning på kurset samarbeidde Fosnes Bondelag med alle nødetatane om ei brannøving.

Øvst: Prosjektleiar Inger Johanne Sikkeland hos Fosnes Bondelag. Under: Svenn Ove Fosseng, Lokallagsleiar i Fosnes Bondelag.

Bondelag deltok også i ei samvirkeøving saman med sivilforsvaret, politi, brannvesen og elevar i ambulansefag på Olav Duun vidaregåande skole i april 2016, som ei slags ekstra samling.

– Denne øvinga opna verkeleg styresmaktene sine auge for bøndene sin kapasitet, seier Fosseng.

– Samarbeidet med styresmaktene er blitt meir systematisk etter Tryggare saman, vi er tryggare i kvardagen og vi forstår at vi bønder blir sett pris på, og blir sett på som ein ressurs. Nå står for eksempel gylleanlegget i beredskap når det ikkje er sesong og i bruk, avsluttar han.

Nytte for alle partar

Sivilforsvaret, lokale Røde Kors, brannvesen, NLR, beredskapsansvarleg i kommunen og andre har god lokal kunnskap om korleis ein taklar ulike beredskapsutfordringar. Det å høyre om desse planane og tankane viser seg å vere både nyttig og interessant for dei lokale bondelaga. Det å vite om kvarandre er kanskje ein av dei viktigaste beredskapseffektane som kjem ut av prosjektet.

Frå sommaren 2016 har prosjektet gått over i vanleg drift, med mål om at 20% av lokallaga i Bondelaget skal gjennomføre heile eller delar av kurset i løpet av 2017.

Kursopplegg for Tryggare saman

Norges Bondelag fekk i 2015 midlar frå Gjensidigestiftelsen til å utvikle kunnskapsmateriell om krisehendingar og konsekvensar av desse. Kursopplegget skal bli brukt i samlingar i regi av Bondelaget sine lokallag for å auke kunnskap og medvit om risiko- og sårbarheits-bildet som lokalsamfunnet og landbruket står framfor. Målet er å samle og dele kunnskap om korleis vi blir tryggare saman.

Kurset består av fire samlingar:

1. Det generelle beredskapsbildet (i kommunen, fylket og regionen).
2. Eit eller fleire av desse emna: Flaum, uvêr, brann, ulukke, smitte og atom.
3. Kvifor og korleis lage ein egen beredskapsplan?
4. Samtalekurset «God å snakke med», i samarbeid med Kirkens SOS eller Norsk Landbruksrådgivning.

Les meir på www.tryggeresammen.no

Mjølkebonde Olav Haugetveit (30) var ein av dei som måtte ta ein runde i tenkjeboksen da regjeringa sitt forslag om skattelegging av IBU-midlane kom på bordet. Foto: Fædrelandsvennen, Odd-Inge Rønning Uleberg.

Familielandbruket under press

I si oppsummering av året 2015 varsla statsminister Erna Solberg at regjeringa skrinla arbeidet for å avvikle konsesjonslova. Likevel held regjeringa fram innsatsen for å svekke familielandbruket.

I februar fekk regjeringa fleirtal i Stortinget for å auke grensa for kva landbrukseigedomar som blir omfatta av priskontrollen. Grensa for å bli omfatta av priskontrollen var opphavleg for eigendomar over 25 dekar og ein verdi over 2,5 millionar kroner. Eit stortingsfleirtal som bestod av Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti har bedt om ei utgreiing av spørsmålet om å heve grensa til 35 dekar, og 3,5 millionar kroner.

– Forslaget gjer at inngangsporten blir trongare for dei som vil inn i landbruket. Endringa av priskontrollen har særleg effekt i aktive landbruksområde og sentrale strok, medan endringa av konsesjonsgrensa særleg rammar distrikta som allereie er prega av nedlegging i landbruket av di bruka er små, seier Per Skorge.

Generalsekretæren i Bondelaget viser samstundes til at delen jord og gardar som går ut av drift er større i område utan priskontroll og buplikt.

Distriktslandbruket blir hardast ramma

Ein stor del av eigendomane på Vestlandet og i Nord-Norge vil med forslaget felle utanfor priskontrollen. Det inneber også at buplikta for desse eigendomane opphevast.

– Her blir det lagt til rette for at fritidsinteresser

og kapitalinteresser går foran jord- og skogbruksinteresser, og det er alvorleg for unge bønder som vil kjøpe og drive gard, seier Skorge.

Regjeringspartia fekk også fleirtal med støtte frå Venstre til å greie ut fritak av reine skogeigendomar frå priskontrollen, og det skal vurderast om priskontrollen også skal bli fjerna for skogen på kombinasjonseigendomar. Dette er Norges Bondelag sterkt imot. Regjeringa varsla at dei etter ei høyringsrunde ville kome tilbake med saka til Stortinget i 2017.

Slag i statsbudsjettet krona med siger

Då regjeringa la fram forslaget til statsbudsjett for 2017 foreslo dei å styrke AS-landbruket ved å foreslå at jordbruksfrådraget også skulle gjelde for aksjeselskap, ikkje berre enkeltpersonar som i dag. I tillegg ville regjeringa skattlegge investeringsmidlane frå Innovasjon Norge (IBU-midlane).

Norges Bondelag var raskt ute med å peike på at forslaga var nok eit angrep på familielandbruket og distriktsbonden.

– Regjeringa sitt forslag føyer seg inn i rekkja av forsøk på å svekke eigarskapsstrukturen i norsk landbruk, ein politikk som dei veit at det ikkje er fleirtal for på Stortinget, seier Per Skorge, generalsekretær i Norges Bondelag.

Han meiner at regjeringa sitt forslag om å gi tilgang for jordbruksfrådrag for aksjeselskap ville vore eit steg mot å la aksjeselskap bli dominerande eigarform i landbruket.

– I Noreg har vi tradisjon for personleg eigarskap, at det er bonden som sjølv eig og driv garden. Eit landbruk som blir drifta ut frå eit generasjonsperspektiv i staden for eit kvartalsperspektiv kjem heile samfunnet til gode, seier Skorge.

Mange fylkeslag bidrog i arbeidet med å mobilisere eigne fylkesbenkar på Stortinget og med å finne fram til bønder som ville bli ramma av skatteforslaget på IBU-midlane.

– Styrken i organisasjonen vår er at vi er mange hender og hovud i arbeid over heile landet. Når vi først trør til er vi vanskelege å ignorere, seier Skorge.

Etter kvart som partia la fram sine alternative budsjettforslag blei det klart at regjeringa ikkje hadde støtte for sine forslag. Då budsjettsemja mellom Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti endeleg blei lagt fram blei det klart at regjeringa hadde gått på nederlag både i saka om jordbruksfrådrag og aksjeselskap og skattlegging av IBU-midlar.

– Venstre og KrF Foto: Felleskjøpet Agri valde i forhandlingane å stå opp for familielandbruket og unge bønder som ønskjer å investere i framtida. Eg vil takke både dei og opposisjonspartia Ap, Sp, Sv og MDG og alle i organisasjonen som sto på. Dette viser kor sterke bondelaget er når vi står samla, avsluttar generalsekretæren.

Råka av regjeringas skatteforslag

Mjølkebonde Olav Haugetveit (30) var ein av dei som måtte ta ein runde i tenkeboksen då regjeringas forslag om skattelegging av IBU-midlane kom på bordet. Han hadde planlagt investeringar på 7 millionar i nytt mjølkefjøs for å skape ei ny framtid på familiegarden.

– For mitt vedkomande var regjeringas skatteforslag mildt sagt krevjande. I eit 30-årsperspektiv betydde det 1,4 millionar mindre i skattefrådrag. Eg blei tvungen til å sjå på driftsplanen på nytt, fortel Haugetveit.

Han er nå i gang med gravearbeidet, og etter planen skal eit nytt 900 kvadratmeter stort fjøs med plass til 45 mjølkekyr og robot stå klart til hausten.

Hadde regjeringas forslag fått gjennomslag er han ikkje i tvil om at det ville fått betydning for investeringsviljen til andre bønder i nærområdet. Nå håpar han at skatteforslaget blir liggjande i skuffa for godt.

– Det er alltid ein risiko for at eit slikt forslag kjem opp igjen ein gang i framtida. Men eg håpar og trur at stortingsfleirtalet også i framtida vil satse på distriktsbonden og at skatteforslaget på IBU-midlane blir lagt dødt, seier Haugetveit.

Per Skorge, generalsekretær i Norges Bondelag.

Foto: Felleskjøpet Agri

Bistand til medlemmer

Nokon av Norges Bondelag sine viktigaste oppgåver, er å hjelpe medlemmer med små og store utfordringar dei møter i sin kvardag som bønder og sjølvstendige næringsdrivande.

Feil tilskotssone har mykje å seie økonomisk for einskilde gardsbruk.

Foto: Odd Melhus

Det er viktig at medlemmene kan ta kontakt med Norges Bondelag for å få hjelp enten det er juridiske spørsmål, forsikringsspørsmål, eller landbrukspolitiske spørsmål. Her er nokre døme på korleis vi har bistått våre medlemmer i 2016.

Feil i tilskotssonen

Norges Bondelag fekk ein førespurnad frå eit medlem om bistand i ei sak vedrørande distriktstilskotssoner for mjølk. Landbruksdirektoratet hadde bestemt å setje bruket ned frå tilskotssone D til sone C, fordi dei meinte bruket låg for lågt og at dei difor hadde fått utbetalt for mykje tilskot i lang tid. Ved å kontakte det lokale landbrukskontoret og Landbruksdirektoratet fekk vi etter kvart fram dokumentasjon frå 1980-talet på at bruket den gong av styresmaktene var plassert i sone D, og at dei hadde gjort ei vurdering av dette bruket og ein del andre bruk. Dokumentasjonen gjorde at direktoratet omgjorde vedtaket, og bruket får behalde sitt distriktstilskot for mjølk i sone D. Dette hadde stor økonomisk tyding for denne brukarfamilien.

Tidlegpensjon og krav om tilbakebetaling

Ein medlem blei krevd tilbakebetaling av tidlegpensjon i jordbruket, fordi ho hadde hatt arbeidsavklaringspengar samstundes. Regelverket seier at ein må velje ei av ytingane. Medlemmen hadde handla i god tru, sidan ho hadde sjekka opp med NAV om ein kunne ha begge ytingar. Direktoratet vurderte ei tilbakebetaling over nesten 5 år og meinte dette ikkje var i strid med forelding. Norges Bondelag hjelpte medlemmen med å utforme eit svar til direktoratet og gjorde ei vurdering av korleis ein kan tolke «forelding». Juristen i Bondelaget henta også fram dokumentasjon frå ei pågåande rettssak der forelding var tema. Opplysningane som blei skaffa fram gjorde at direktoratet endra syn i saka og gjekk vekk frå utvida krav om tilbakebetaling. Dette sparte medlemmen som no var minstepensjonist for ei betydeleg økonomisk belastning.

Kollaps av golv i sauefjøs

I 2015 og 2016 kollapsa til saman åtte golv i sauefjøs i Rogaland, Hordaland, Vest-Agder, Nordland, Troms og Nord-Trøndelag. Golva er av typen Tulla systemgolv og er produsert av Rogalandsfirmaet Reime Agri. Reime Agri har seld om lag 200 golv av denne typen. Fleire sauer har mista livet når sauene har falle i møkkakjellarane, men det har heldigvis ikkje blitt skadar på personar. Problemet med golvet ser ut til å vere at ristene vippar når spennet på dragarane i fjøsa blir for lange.

Norges Bondelag ynskjer å hjelpe medlemmene våre som har kjøpt desse golva. Vi har eit samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving om å tilby bønder med denne typen golv, ein inspeksjon for å vurdere tilhøva på golvet. Vi har også eit samarbeid med Gjensidige om å gå til rettslege tiltak overfor forhandlarar og produsenten av sauegolva. Det er ikkje akseptabelt at bønder ikkje kan stole på at eit nytt golv er trygt for liv og helse hos folk og dyr.

Dette er et tilbud til medlemmene i Norges Bondelag

Logg inn på min side

Min side for medlemmer

Min side blir hyppigare brukt for kvart år som går. Som medlem vil du kunne finne eit utvida tilbod og oversikt over ditt medlemskap på Min side.

Her kan du:

- Hente gratis standardavtaler for medlemmer, avtaler om jordleige, leige av mjølkekvote, småkraft, små- og storviltjakt og tomtefestekontrakt
- Finne kontaktinformasjon til lokallaget ditt
- Hente kopi av faktura på medlemskontingent
- Sjekke tal på verva medlemmer
- Registrere korrekte kontaktopplysningar slik som postadresse, mobilnummer og e-post
- Reservere deg mot SMS-varsling
- Finne elektronisk Landbrukskalender

Tillitsvalde i lokallaga har også tilgang til Mitt lokallag på Min side. Her kan dei til dømes finne medlemslister og sende SMS til eigne medlemmer.

Førespurnader til Norges Bondelag 2016

- Bondelaget fekk omlag 870 spørsmål via heimesida vedrørande jus/skatt/landbruk
- Totalt har advokatane på Bondelagets juridiske avdeling svart på mellom 2500-3000 framlegg og spørsmål munnleg og skriftleg
- Bondelaget sitt sentralbord tok imot om lag 30.000 framlegg og spørsmål totalt
- Ved utgangen av 2016 hadde om lag 8 300 unike brukarar logga seg på ekstranettet. Mitt lokallag, ei side for lokallagsadministrasjon, blei og tatt i bruk i frå 2014, og mange lokallag brukar denne sida aktivt i kontakt med eigne medlemmer.

På Losæter i Oslo fekk barna helse på Bybonde Andreas, helse på høner og køyre med hest og kjerre. Fleire fekk også ein prøvesmak av den (nesten) modne maisen på setra.

Velkommen inn på Open Gard!

Open Gard er blitt ein fast tradisjon blant fleire av lokallaga sidan starten for arrangementet i 1988. Det har også blitt ein fast tradisjon for mange av dei besøkjande.

I 2016 blei det arrangert 87 opne gardar over heile landet, og om lag 70 000 menneske var innom for å helse på dyra, gå natursti, spele kubingo, kaste mjølkespann eller berre for å ete vaflar. Fleire lokallag nådde ny besøksrekord. Det ligg mange dugnadstimar bak arrangementet, og om lag 2 600 dugnadsfolk har bidratt til å vise fram mangfaldet i norsk landbruk til publikum. Takk for innsatsen!

1. Bjerka Barnehage malar rundballar til deltakarane i Arctic Race skal passere. Garden til Tove Berre og Per Drage på Drageid i Saltdal arrangerte Open Gard same dag som verdenseliten i sykkel passerte garden.
2. I Kristiansand går dyrevelferda alltid først, også i dokøen.
3. På Open Gard på Vestre Toten var det demonstrasjon av hestepløying, hesteslåing, hesteslodding og harving, vetrantraktorar av alle slag og demonstrasjon av slepetreskar og pløying med gammal Fordson med jernhjul.
4. Anne-Helene Sommerstad Bruserud frå Vestfold Bygdeungdomslag lærer ei lita jente å byte kjede på motorsaga på Melsom i Stokke. Heile 5 000 gjesta garden.
5. På Fannremsgarden i Sør-Trøndelag var rundt 900 menneske på besøk hjå vert Jon Fredrik Skauge. Halmhopping var ein populær aktivitet. Like over jordet på Helsetunet var det kalvemønstring slik at dei gamle og kunne sjå på moroa frå vindauga sine.

6

7

Minner frå Open Gard 2016

8

9

6. Henrik på 3 år meinte det var spennande å få kjenne på den mjuke pelsen til kaninen. Bildet er frå Gilhus Gard i Buskerud.
7. Eidsvoll Landbrukslag har arrangert Open Gard kvart år sidan 1987, og nådde ny besøksrekord med over 2 500 gjestar.
8. Stell og kos med kaninane er ein særs populær aktivitet blant dei yngste. Her er nokre ivrige hender i gang med mating og kos. Bildet er frå Open Gard i Holmestand.
9. Vertskapet på Indre Årø Gard i Molde under Open Gard 28. august. Frå venstre: Wollert Dankert Krohn, Svanhild Krohn, Emma Lovise Krohn Nilsen, Emilie Krohn, Tommy Nilsen og leiar i Molde Bondelag, Kjersti Fløystad Ellingsgård. (Foto: Arild Erlien)

Verving på Matstreif.

Høgaste medlemstal på 20 år!

Norges Bondelag hadde ved utgangen av 2016 heile 63 090 medlemmer, ein auke på 850 medlemmer samanlikna med 31.12.2015. Vi må heilt tilbake til 1997 for å finne eit høgare medlemstal. – Dette er eit resultat å vere stolt av, seier organisasjonssjef Astrid Solberg.

Solberg fortel at heile 15 fylke hadde vekst i talet på medlemmer i 2016. Akershus hadde størst vekst i tal medlemmer, og var 174 fleire medlemmer enn ved utgangen av 2015. Ei hyggeleg overrasking for mange var at Finnmark Bondelag seila rett til topps med høgast prosentvis vekst på 12,4 prosent i 2016.

Finnmark Bondelag imponerer

Finnmark Bondelag har hatt ein solid medlemsvekst dei siste tre åra. Medlemsveksten er fordelt på alle kategoriar av medlemmer.

– Hovudårsakene til medlemsveksten er at vi har klart å involvere enkeltmedlemmer og lokal-

laga til å gjere ein innsats. Fylkeslaget har sett i gang vervekampanjar der ein har premiert beste vervar, beste lokallag med flest nye medlemmer og beste lokallag i å auke sin medlemsmasse, fortel organisasjonssjef i Finnmark, Terje Balandin.

Informasjon om konkurransen blei godt spreidd til alle medlemmer, og ein har samstundes vore flinke til å informere om vervepremiane som ein får ved å verve nye medlemmer. Balandin meiner trikset er å halde trykket oppe undervegs. Vervekonkurransen har gått over ein lengre periode og det er blitt sendt ut regelmessige statusoppdateringar på korleis dei ulike lokallaga ligg an samanlikna med kvarandre.

Annonsering av resultatet frå konkurransen med premiering av vinnarane blei gjennomført på årsmøtet til fylkeslaget. Vinnaren blei Tana Bondelag, som hadde over 8 prosent medlemsvekst i 2016.

Endringar i medlemsmassen

Samansetninga blant medlemmene har endra seg slik at det blei 929 fleire personlege medlemskap og 153 færre bruksmedlemskap i Norges Bondelag i 2016.

Ved utgangen av 2016 var det registrert 18 315 kvinnelege medlemmer i Norges Bondelag. Dette utgjer 29 prosent av heile medlemsmassen. Av dei nye medlemmene i 2016 var 31,3 prosent kvinner.

I 2016 fekk Norges Bondelag 3 849 nye medlemmer, 491 fleire enn året før. 2 822 medlemmer melde seg ut i 2016. Det var 109 fleire enn året før.

Vi må halde trykket oppe i organisasjonen

Verveprosjektet Tørre å spørre er nå formelt avslutta, men vervinga i organisasjonen skal førast vidare under dette namnet, fortel organisasjonssjef Astrid Solberg. Ho meiner det er viktig å legge mest mogleg til rette for at dei tillitsvalde kan gjere ein god vervejobb.

Solberg rosar innsatsen i organisasjonen. Det er stadig fleire fylke som har eigne vervekampanjar. Fleire fylkeslag og lokallag har i løpet av året gjennomført gode arrangement, og tatt flotte initiativ med tanke på å auke medlemstalet.

– Resultatet visast igjen i medlemstalet ved årets slutt. Flott innsats og mange dyktige medlemmer og tillitsvalde, gjer Bondelaget til en attraktiv organisasjon å vere ein del av. Utfordringa framover vil vere å halde fram det gode arbeidet som er starta, seier Solberg.

Fylkesleiar i Finnmark Grete-Liv Olaussen sender t-skjorte til nyverva medlem.

Medlemsutvikling i fylkeslaga

	Tal medlemmer per 31.12						Endring 2015-2016	
Fylke	**2011**	**2012**	**2013**	**2014**	**2015**	**2016**	**Tal**	**Prosent**
ØSTFOLD	4 581	4 568	4 588	4 656	4 685	4 812	127	2,7 %
AKERSHUS	4 904	4 903	4 891	4 942	5 057	5 231	174	3,4 %
HEDMARK	5 266	5 282	5 330	5 410	5 488	5 577	89	1,6 %
OPPLAND	5 571	5 496	5 508	5 559	5 554	5 571	17	0,3 %
BUSKERUD	3 779	3 761	3 756	3 770	3 827	3 891	64	1,7 %
VESTFOLD	3 133	3 123	3 155	3 176	3 185	3 190	5	0,2 %
TELEMARK	1 692	1 672	1 677	1 667	1 670	1 712	42	2,5 %
AUST-AGDER	932	948	935	955	957	964	7	0,7 %
VEST-AGDER	1 202	1 186	1 170	1 162	1 169	1 206	37	3,2 %
ROGALAND	6 457	6 378	6 350	6 377	6 446	6 567	121	1,9 %
HORDALAND	3 626	3 596	3 634	3 649	3 724	3 826	102	2,7 %
SOGN OG FJORDANE	3 811	3 806	3 780	3 751	3 755	3 739	-16	-0,4 %
MØRE OG ROMSDAL	3 374	3 349	3 334	3 323	3 307	3 314	7	0,2 %
SØR-TRØNDELAG	4 309	4 293	4 238	4 225	4 226	4 270	44	1,0 %
NORD-TRØNDELAG	5 134	5 109	5 072	5 090	5 063	5 039	-24	-0,5 %
NORDLAND	2 860	2 829	2 809	2 842	2 806	2 836	30	1,1 %
TROMS	905	912	907	927	942	919	-23	-2,4 %
FINNMARK	319	314	325	346	379	426	47	12,4 %
Sum	**61 859**	**61 525**	**61 459**	**61 827**	**62 240**	**63 090**	**850**	**1,4 %**

Lokallaga
Ved utgangen av 2016 hadde Norges Bondelag 520 lokallag, fem færre enn ved utgangen av 2015. Akershus Bondelag fekk eit nytt lokallag i 2016, det var Oslo Bybondelag.

Medlemskontingent
Samla kontingent til Norges Bondelag og Bondelagets Servicekontor AS i 2014 var 126,4 mill. kr. Dette var om lag 1,9 mill. kr over budsjett. Betalingsprosenten for 2016 var på 97, og gjennomsnittskontingenten for dei som betalte var 2 003 kr, mot budsjettert 2 010 kr.

Astrid Solberg, organisasjonssjef i Bondelaget er stolt av medlemsveksten.

Bruk av stripespreiar gir meir klimasmart gjødsling.

Landbruket samlast for klimainnsats

I 2016 blei landbruket sitt klimaarbeid styrka med etablering av prosjektet Klimasmart landbruk. Prosjektet har som formål å redusere klimaavtrykket frå norsk landbruk.

Prosjektet Klimasmart landbruk blei etablert av Norges Bondelag og Norsk landbruksrådgiving i 2016. Formålet for prosjektet er å redusere klimaavtrykket til norsk landbruk ved å sikre betre informasjon og gode verktøy for klimakutt på norske gardsbruk.

– Vi treng betre verktøy for å få fram relevant informasjon til kvar enkelt gardbrukar om potensialet for klimaeffektiv drift og investeringar på eige gardsbruk. Dette er derfor ei prioritert oppgåve for Klimasmart landbruk, seier Bjørn Gimming, 1. nestleiar i Bondelaget og leiar av styringsgruppa for Klimasmart landbruk.

Hausten 2016 gjekk TINE, Nortura og Felleskjøpet Agri inn i prosjektet si styringsgruppe.

– Det er viktig at landbruket står samla i klimaarbeidet. Difor var det særs gledeleg at Nortura, TINE og Felleskjøpet Agri valde å gå inn i styrings-

Den magiske fabrikken på Greve i Vestfold lagar husdyrgjødsel om til drivstoff.

gruppa til Klimasmart landbruk, seier Bjørn Gimming.

Gimming peikar på at samvirka tar med seg ein enorm kompetanse inn og vil vere ein stor styrke i arbeidet med å gjere norsk landbruk endå meir klimasmart. Klimasmart landbruk har også ei referansegruppe der over 20 ulike organisasjonar og bedrifter frå forsking og næring deltar.

Friske klimamiddel over statsbudsjettet for 2017

Gjennom statsbudsjettet 2017 blei det også løyvd 20 millionar til landbruket sitt arbeid med klimarådgiving på norske gardsbruk.

– Løyvinga landbruket fekk over statsbudsjettet for 2017 var viktig for å løfte fram jobben vi er i gang med, og eg håpar at styresmaktene vil spele på lag med landbruket i klimasaka, seier Gimming.

Han viser til at «Klimasmart landbruk» har blitt særs godt motteke, har fått særs gode tilbakemeldingar sidan oppstarten, både frå landbruksnæringa og frå styresmaktene. Gimming håpar at kunnskapen gjennom prosjektet kan bidra til at klimadebatten framover handlar om moglegheitene i landbruket.

– Debatten om klima og landbruk har i alt for stor grad har handla om innføring av avgifter og pålegg som vil gjere det vanskelegare og dyrare å produsere mat i Noreg. Eg trur mange nå byrjar å få auga opp for at vi ikkje bergar klimaet om vi innfører klimapolitikk som i realiteten berre endar med å auke matimporten.

I 2017 vil prosjektet prioritere utvikling av betre systemverktøy som skal sikre at landbrukets reelle klimaavtrykk og tiltak som reduserer utslepp blir skikkeleg dokumentert.

Bjørn Gimming, 1. nestleiar i Bondelaget og leiar av styringsgruppa for Klimasmart landbruk.

Andre saker

Framhald Artikkel 19-forhandlingar med EU

Gjennom heile 2016 har ein hatt forhandlingar med EU om handel med basis i landbruksvarer, regulert gjennom artikkel 19 i EØS-avtalen. Det er ikkje offentleg kva som ligg på bordet i forhandlingane, men sluttresultatet kan bety auka press på den norske marknaden for produkt som ost, grønsaker og kjøtt. Denne runden kan bli spesielt krevjande fordi den norske eksportstøtta blir fasa ut, noko som råkar 8-9 prosent av norsk mjølkeproduksjon. Forhandlingane i denne artikkel 19-runden starta i februar 2015 og held fram inn i 2017.

Årets lokallag

Under Bondetinget blei Kåfjord bondelag kåra til årets lokallag i Norges Bondelag.

– Med nesten dobling av medlemstalet i 2015 og høgt aktivitetsnivå er dei til stor inspirasjon for oss andre, sa ordførar i Norges Bondelag, Arne Magnus Aasen, då han overrekte prisen som og er eit beløp på 30.000 kroner. Kåfjord Bondelag har aktivt jobba for å markere Bondelaget og landbruksnæringa positivt, både i egen kommune og regionalt. Dei har arrangert fleire sosiale samankomstar og Open Gard. Gjennom heile året har drifta av laget vore prega av kreativt og godt organisasjonsarbeid, god kontakt med samarbeidspartnarar og politikarar.

Årets lokallag ved leiar Torstein Jenssen får prisen av ordførar i Bondelaget, Arne Magnus Aasen.

Askeladdprisen

– Det er ærefullt og inspirerande å vinne Askeladdprisen. Det betyr mykje å bli lagt merke til av Bondelaget og Landkreditt Bank, sa dagleg leiar Thrine Bye Heggum då det blei kjent at Traktorpikene AS var vinnaren av årets Askeladdpris.

Askeladdprisen blir delt ut til ungdom som er i ferd med, eller som har etablert, næringsverksemd på bygda. Prisen er på 30 000 kr, og blir delt ut av Bondelaget og Landkreditt Bank.

Traktorpikene ved Thrine og søstera Ine Bye Rossetnes vann prisen for sine flotte, formtilpassa arbeidsklede, laga for å tole ein støyt.

– Årets Askeladdvinnar har ikkje berre skapt sin egen arbeidsplass. Konseptet med feminine arbeidsklede laga for å klare eit røft arbeidsmiljø, har vist seg å vere ein suksess. Traktorpikene bidreg til at alle kvinner med sin arbeidsplass i landbruket kan stille velkledd både i fjøset og på traktoren, seiar Knut A. Nordmo, styreformann i Landkreditt.

Vinnarane av Askeladdprisen saman med bondelagsleiar Lars Petter Bartnes og leiar i Landkreditt Knut Nordmo.

Nytt dyrevelferdsprogram for pelsdyrnæringa

Debatten om pelsdyrnæringa si framtid heldt fram i 2016, og på hausten la landbruks- og matminister Jon Georg Dale fram den varsla stortingsmeldinga om næringa. Sjølv om regjeringa ynskte ei vidareføring av pelsdyrnæringa i Noreg, ville regjeringa innføre eit forbod mot gruppehald av mink. Under stortingsbehandlinga av meldinga foreslo Bondelaget i tett samarbeid med Pelsdyralslaget at gruppehald for mink burde bli vidareført, men under føresetnad av eit dyrevelferdsprogram. Forslaget fekk fleirtal i Stortinget og dyrevelferdsprogrammet vil bli utarbeidd våren 2017.

Bybondelag danna

16. november 2016 blei Oslo Bybondelag stifta. Rundt 40 personar møtte opp på stiftingsmøtet på Landbrukets hus. Eit interimsstyre med fem styremedlemmer og to varamedlemmer skal styre Bybondelaget framover. Interimsstyret består av Helene Gallis, Anita Natvik, Sigurd Vestrheim, Eirin Sture, Morten Lønmo, Solvor Wiig og Andreas Lunder. Aktivitetane i laget skal spenne rundt Bybonden på Losæter, og andre grøne lunger i Oslo. Medlemmene kan ta del i arbeidet på Losæter, dei kan jobbe mot kommunen og bydelane for ein betre bruk av byens grøne lunger, og dei kan halde ulike kurs i for eksempel kompostering og urban dyrking. Ved utgangen av året hadde Oslo Bybondelag 19 medlemmer.

Nyvalt styre i Oslo Bybondelag.

Eit lite utval av arrangement i 2016

Ivrige bybønder på Matstreif

Helga 2. – 4. september var det igjen klart for Matstreif, Noregs største matfestival, på Rådhusplassen i Oslo. Bondelaget stilte opp med quiz med moglegheit for å vinne gåvekort på Mathallen, og i tillegg kunne ein bli bybonde og så sin eigen mjølkekartong med ruccula-salat eller reddikar. I strålande sol og over 20 varmegradar var det godt for både små og store med ein pause i skuggen av teltet, og få våt blomsterjord mellom fingrane. Standen var spesielt populær blant dei yngste, og det blei delt ut fleire hundre fargeleggingshefte, liksom-tatoveringar og buttons.

Bondetinget 2016

Årsmøtet i Norges Bondelag blei arrangert på Lillehammer 8. – 9. juni 2016. Nesten 300 påmelde utsendingar og gjester var til stades på Bondetinget. Av desse var 176 utsendingar med røysterett. Også landbruks – og matminister Jon Georg Dale og Arbeidarpartiets leiar Jonas Gahr Støre vitja årsmøtet, og heldt kvar sin helsingstale.

Det var stort engasjement under generaldebatten, som var prega av regjeringa sitt varsel om ny Stortingsmelding om jordbruket til hausten. Mange var opptatt av klima og den tøffe politiske jobbinga det er behov for framover. Debatten viste også ei semje om prioriteringa av mangfaldet i norsk landbruk.

Lars Petter Bartnes blei gjenvald som leiar av Norges Bondelag. Bjørn Gimming blei vald som ny 1. nestleiar, og overtar vervet etter Kristin Ianssen, som gjekk av etter tre år i vervet. Brita Skallerud blei gjenvald som 2. nestleiar.

Bedre Landbruk

Norges Bondelag hadde stand på Bedre Landbruk på Norges Varemesse, Lillestrøm, 11. – 13. november. Messa er i regi av Felleskjøpet og vi delte stand med Landkreditt Bank og Gjensidige. Totalt besøkstal var om lag 8000, ei auke frå 7000 i 2013. Vi hadde ein flott stand med nydelege Aroma-eple til utdeling, sal av t-skjorter, utdeling av brosjyrematerieell og aktivitetar for dei minste. Spesielt populær blant dei yngste var «skumlekassa» som blei lånt vekk til oss frå Østfold Bondelag. Det blei verva 36 medlemmer og selt heile 354 BONDE t-skjorter denne helga.

Styret i Norges Bondelag

Tillitsvalde i styret 2016/2017

Leiar		
Bartnes	Lars Petter	Leiar
Nestleiarar		
Gimming	Bjørn	1. nestleiar
Skallerud	Brita	2. nestleiar
Medlem		
Frogner	Einar	Medlem
Usland	Birte	Medlem
Røyneberg	Arnstein	Medlem
Johansen	John-Erik Skjellnes	Medlem
Gikling-Bjørnå	Oddveig	Medlem
Dolmseth	Nils Asle	Medlem
Østerås	Arne Elias	Medlem
Krageberg	Ellen	Medlem
Dombu	Tora Voll	Medlem
Varamedlem		
Fjelltveit	Bodhild	1. varamedlem
Myki	Einar	2. varamedlem
Anfeltmo	Mette Pedersen	3. varamedlem
Ordførar		
Aasen	Arne Magnus	Ordførar
Lundgård	Kjerstin G.	Varaordførar

Fylkesleiarar i Norges Bondelag

Finnmark Bondelag
Grete-Liv Olaussen

Troms Bondelag
Asgeir Slåttnes

Nordland Bondelag
Bernt Skarstad

Nord-Trøndelag Bondelag
Asbjørn Helland

Sør-Trøndelag Bondelag
Lars Morten Rosmo

Møre og Romsdal Bondelag
Oddvar Mikkelsen

Sogn og Fjordane Bondelag
Anders Felde

Hordaland Bondelag
Frøydis Haugen

Rogaland Bondelag
Ola Andreas Byrkjedal

Vest-Agder Bondelag
Tor Erik Leland

Aust-Agder Bondelag
Erik Fløystad

Telemark Bondelag
Aslak Snarteland

Vestfold Bondelag
Thorleif Müller

Buskerud Bondelag
Egil Chr. Hoen

Oppland Bondelag
Trond Ellingsbø

Hedmark Bondelag
Erling Aas-Eng

Akershus Bondelag
Sigurd Enger

Østfold Bondelag
Martha Irene Mjølnerød

Styrets representasjon i eksterne utval

Navn	Fagområde	Styreverv
Lars Petter Bartnes	• Jordbruksforhandlingane • Maktforholda i verdikjeda for mat • Marknadsordningane • Forsikringar • Overordneda politiske prosessar: Stortingsval og jordbruksmelding	• Omsetningsrådet • Norsk Landbrukssamvirke
Bjørn Gimming	• Internasjonalt • Grøntutvalet • Klima • Revisjon av gjødselføresegna	• Matmerk • Klimasmart landbruk
Brita Skallerud	• Medlemsverving • Inn på tunet-utvalet • Mjølk • Utdanning • Jordvern • Rekruttering • Lokalmat	• Agri Analyse • Nei til EU • Norges Bygdeungdomslag • AMU (arbeidsmiljøutvalet) • Folk og Forsvar • Landsrådet for HV • Utviklingsprogrammet
Einar Frogner	• Bistand • Landbrukets brannvernkomitè • Kornutvalet • Rovdyr • Melk • Opplæring av styremedlemmane • Skog	• Tun Media • Landbrukets Dataflyt AS • Bygdeforsk
John-Erik Skjelnes Johansen	• Rovdyr	
Arnstein Røyneberg	• Grovfôr • Grunneigerrettar – eigedomsregelverk • Skatt • Forsking • Gris/fjørfe • Kraftfôr	• Fondet for forskningsmidlar over jordbruksavtalen • Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt
Birte Usland	• Likestilling • Velferd • Dyrevelferd og dyrehelse • Norsk Landbruksrådgiving, HMS og Tryggere saman • Miljø- og kvalitetsutvalet • Landkreditt • Energi • Bioøkonomi • GMO • Økologisk landbruk	• NORSØK • Debios kontrollkomite for upartiskhet
Bodhild Fjelltveit	• Sau/geit (beitenæring)	• Norges Bygdekvinnelag • Norske Lakseelver
Arne Elias Østerås	• Norske Felleskjøp	• Styremedlem Norske Felleskjøp
Nils Asle Dolmseth	• Tine	• Styremedlem TINE
Oddveig Gikling-Bjørnå	• Nortura • Opplæring av styremedlemmane	• Styremedlem Nortura
Ellen Krageberg	• Norges Bygdekvinnelag	*
Tora Voll Dombu	• Norges Bygdeungdomslag	*
Arne Magnus Aasen	• Ordførar	

* Deltar ikkje i faste representasjonsoppdrag fordi dei har styreansvar i eigne organisasjoner.

Oversikt over utval

Grøntutvalet

Rogneby, Thor Johannes	Leiar
Jahn, Kristin Bue	Medlem
Lysne, Kari Sigrun	Medlem
Gimming, Bjørn	Medlem
Jarne, Katrine Hesnes	Medlem
Runestad, Ståle	Medlem
Ullestad, Berit	Medlem
Madsen, Bjørge	Medlem
Agerup, Per Harald	Sekretær

Kornutvalet

Torp, Hans Edvard	Leiar
Frogner, Einar	Medlem
Unelsrød, Ole Hans	Medlem
Mellem, Signe Ingeborg Melstrøm	Medlem
Berge, Sissel	Medlem
Østerås, Arne Elias	Medlem
Aandstad, Kjetil	Medlem
Stabbetorp, Elin Marie Haga	Sekretær

Miljø- og kvalitetsutvalet

Enger, Sigurd	Leiar
Handeland, Frode	Medlem
Usland, Birte	Medlem
Rossebø, Anne Kristine	Medlem
Alstad, Gunnar	Medlem
Haugen, Jan Idar	Medlem
Holtung, Hans Edvard	Medlem
Ødegård, Finn Erlend	Sekretær
Sikkeland, Inger Johanne	Sekretær

Inn på tunet

Lindstrøm, Hege Merethe	Leiar
Ansethmoen, Nina	Medlem
Moen, Ingunn Sigstad	Medlem
Bruem, Siri Ingeborg	Medlem
Slåttnes, Asgeir	Medlem
Skallerud, Brita	Medlem
Øverland, Vetle	Medlem
Aanekre, Marita	Medlem
Johnsrud, Amund	Sekretær

Tilsette i Norges Bondelag

Norges Bondelag
Tilsette totalt: 12 (9,2 årsverk)

Bondelagets Servicekontor AS
Tilsette totalt: 106 (98,7 årsverk)
Tilsette sentralt sekretariat: 53 (51,0 årsverk)
Tilsette ved fylkeskontorene: 53 (47,7 årsverk)

Tilsette ved hovedkontoret

Leiinga
Generalsekretær: Per Skorge
Leiargruppa er samansatt av generalsekretær, nærings-politisk sjef, ass. næringspolitisk sjef, administrasjonssjef, organisasjonssjef, kommunikasjonssjef og sjef for avdelinga for rekneskap og juridisk service. Styresekretæren er sekretær for ledergruppa.

Administrasjonsavdelinga
Administrasjonssjef: Jardar E. Flaa

Seksjon for personal og serviceteam
Personal- og driftssjef: Catharina B. Andersen
Førstekonsulentar: Cato Ørsal, Mona Sandnes, Inger Sletmoen og Terje Benjamin
Reinhaldsansvarleg: Antoinette Olsen (fra 1.10.16)

Økonomiseksjonen
Økonomisjef: Leif Egil Slåtten
Seniorrådgivar: Kin Sum Chang (til 31.10.16)
Rådgivarar: Ewa Lorentzen (fra 1.12.16) og Solveig Weser
Førstekonsulent: Unni Wolden Staver

Seksjon for IKT og arkiv
IT-sjef: Terje Lystad
Rådgivarar: Tom Hannigan, Atle Johannesen og Berit Johnsen (arkivansvarlig)

Organisasjonsavdelingen
Organisasjonssjef: Astrid Solberg
Styresekretær: Åse Berit Valle
Seniorrådgivarar: Solveig Skogs (til 1.11.16) og Inger-Johanne Sikkeland
Rådgivarar: Andreas Lunder, Pål-Arne Oulie, Gunn Mari Galleberg, Inger Johanne Sveen, Maren Kjølberg og Ole Ramshus Sælthun (til 30.4.16)
Førstekonsulentar: Elise Larsen (vikar)
Prosjekt Bybonde: Andreas Capjon (frå 1.4.16 til 31.3.18)

Kommunikasjonsavdelinga
Kommunikasjonssjef: Lise Boeck Jakobsen
Seniorrådgivarar: Inger Johanne Sæterbakk og Anne Cathrine Wangberg (frå 15.2.16)
Rådgivarar: Guro Bjørnstad, Ole Marius Aune Sandmo og Elisabeth Sæther

Avdeling for regnskap og juridisk service (RJS)
Avdelingssjef: Arnstein Tveito
Rådgivar: Liv Ellen Fischer

Faggruppe forsikring
Advokat/fagsjef: Aina Bratlie (frå 1.5.16)

Faggruppe juridisk
Advokat/fagsjef: Ole Jacob Helmen (fagsjef til 31.4.16) og Erlend Stabell Daling (fagsjef frå 1.5.16)
Advokat: Alfred Schøyen
Advokatfullmektig: Kristin B. Eid

Faggruppe for skatt
Advokatar: Rune Rylandsholm og Anders Bjørnsen (permisjon til 30.9.16)
Advokatfullmektig: Marianne Elisabeth Imerslund (permisjon frå 1.12.16 til 31.5.17)
Rådgivar: Elling Bjerke

Faggruppe for regnskap og driftsøkonomi
Fagsjef: Knut Andresen
Rådgivarar: Sigurd Løland, Jon Sigurd Tuset og Pål Kristian Ormstad

Næringspolitisk avdeling
Næringspolitisk sjef: Arild Bustnes (vikarierande generalsekretær)
Ass. næringspolitisk sjef: Anne Thorine Brotke (permisjon til 28.6.16)
Seniorrådgivarar: Finn Erlend Ødegård (ass. næringspolitisk sjef i Brotkes permisjon), Harald Velsand, Per Harald Agerup, Anders Huus, Hildegunn Gjengedal, Amund Johnsrud, Ane Kismul og Toril Wikesland (frå 15.8.16)
Rådgivarar: Elin Marie Stabbetorp, Kari Marte Sjøvik, Svein Guldal, Anja Fyksen Lillehaug, Mina Mjærum Johansen (permisjon til 1.3.16. Jobber som org.sjef i Østfold) og Fridtjof Denneche (vikar til 18.8.16)

Tilsette på fylkeskontora

Akershus
Organisasjonssjef: Toril Wikesland (til 15.8.16)
og Vidar Kapelrud (frå 1.9.16)
Rådgivarar: Anders Klaseie (50% stilling fra 1.4.16)
og Audun Ødegaard (vikar frå 1.8.16)
Førstekonsulent: Anette Isaksen

Østfold
Organisasjonssjef: Mina Mjærum Johansen
Rådgivar: Camilla Grefsli
Førstekonsulent: Anne Guro Syversen

Hedmark
Organisasjonssjef: Margrete Nøkleby
Rådgivar: Guro Breck
Førstekonsulent: Anne Rustad

Oppland
Organisasjonssjef: Ola Råbøl
Rådgivar: Astrid Simengård
Førstekonsulentar: Jorunn Løvdal og Tåle Willerud
(til 31.12.16)

Buskerud
Organisasjonssjef: Wenche Redzepi
Seniorrådgivar: Ole Andreas Lilloe-Olsen
Rådgivar: Sissel Røed Waaler
Førstekonsulent: Eldor Bjerke

Vestfold
Organisasjonssjef: Elin Røed
Rådgivar: Amund Kind
Førstekonsulent: Elisabeth Larsen

Telemark
Organisasjonssjef: Jan Thorsen
Rådgivar: Bergit Li
og Turid Stalsberg (frå 1.12.16)

Agder
Organisasjonssjef: Finn Aasheim
Rådgivar: Øystein Moi
Førstekonsulent: Turid Breistøl

Rogaland
Organisasjonssjef: Olav Sande
Rådgivar: Marianne Osmundsen
Førstekonsulentar: Are H. Braaten og Ruth Soma

Hordaland
Organisasjonssjef: Lars Peter Taule
Rådgivarar: Geir Totland og Maria M. Skjold
Prosjekt Kompetansemeklar: Rakel Blaalid
(til 31.12.16)

Sogn og Fjordane
Organisasjonssjef: Merete Støfring
Rådgivarar: Anita Sæther og Marita Skeie

Møre og Romsdal
Organisasjonssjef: Arnar Lyche
Rådgivarar: Arild Erlien og Rose Bergslid
Førstekonsulent: Atle Frantzen

Sør-Trøndelag
Organisasjonssjef: Jon Gisle Vikan
Rådgivar: Berit Storrø
Førstekonsulentar: Anne Kindseth Føll
og Gunn I. Stokke (permisjon til 31.10.19)

Nord-Trøndelag
Organisasjonssjef: Anne Marit Igelsrud (vikar frå 1.8.15 til 1.7.17). Marit Haugen (permisjon frå 1.8.15 til 23.4.17)
Rådgivarar: Brita Buan, Pål-Krister Vesterdal Langlid (permisjon fra 31.10.16), Leif Hjulstad (vikar frå 1.9.16) og Ove Magne Ribsskog
Prosjektleiar: Ove Martin Gundersen (til 31.8.18)

Nordland
Organisasjonssjef: Geir Jostein Sandmo
Rådgivarar: Hilde Furuseth Johansen
og Vidar Bentsen
Førstekonsulent: Linda M. Berg Nordlie
Prosjekt: Signe H. Pedersen (frå 30.3.16 til 2.9.16)

Troms
Organisasjonssjef: Unni Hellebø Andreassen
Rådgivar: Ajna Nystad
Førstekonsulent: Anita Skånhaug

Finnmark
Organisasjonssjef: Terje Balandin

Konsernrekneskap

RESULTATREGNSKAP
01.01.2016 - 31.12.2016

Norges Bondelag				Konsernet	
2016	**2015**	(Alle tall i hele tusen)	Note	**2016**	**2015**
		DRIFTSINNTEKTER			
45 452	43 486	Kontingentinntekter	2	126 410	122 904
29 880	24 171	Andre driftsinntekter	2,13	93 679	102 978
75 332	**67 657**	**Sum driftsinntekter**		**220 089**	**225 882**
		DRIFTSKOSTNADER			
63	19	Varekostnader	3	1 553	2 327
10 821	8 266	Lønnskostnader	4	88 528	80 263
17 927	16 869	Honorarer og møtegodtgjørelser		17 927	16 869
15 100	15 161	Reise-, diett- og møtekostnader		19 283	19 820
12 984	9 734	Kontor- og administrasjonskostnader	13	52 612	51 586
12 205	11 623	Tilbakeføring til lokallag		12 205	11 623
55	-	Avskrivninger	5	9 951	9 748
7 170	7 819	Bevilgninger		8 310	9 520
76 325	**69 491**	**Sum driftskostnader**		**210 369**	**201 756**
-993	**-1 834**	**DRIFTSRESULTAT**		**9 720**	**24 126**
		FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
1 845	827	Renteinntekter		3 006	2 836
1 477	1 743	Renteinntekter konsern	13	-	-
8 720	8 575	Andre finansinntekter	6	1 315	1 401
-	3	Rentekostnader		3 489	4 133
-	-	Andre finanskostnader	6	45	-
-	-	Andel resultat fra tilknyttede selskaper	8	3 090	2 290
12 042	**11 142**	**Netto finansposter**		**3 877**	**2 394**
11 049	**9 308**	**RESULTAT FØR SKATTEKOSTNADER**		**13 597**	**26 520**
-	-	Skatt på ordinært resultat	14	2 075	6 375
11 049	**9 308**	**ÅRSRESULTAT**		**11 522**	**20 145**
-	-	Minoritetenes andel av resultatet	12	306	1 014
-	-	Majoritetens andel av resultat		11 216	19 131
		Disponering av årsresultatet			
-	-	Overføring til aksjonsfond	12	-	-
11 049	**9 308**	Overføring til annen egenkapital	12	-	-
11 049	**9 308**	**Sum disponert**		-	-

BALANSE 31.12.2016
EIENDELER

Norges Bondelag				Konsernet	
31.12.2016	31.12.2015	(Alle tall i hele tusen)	Note	31.12.2016	31.12.2015
		ANLEGGSMIDLER			
		Immaterielle eiendeler			
-	-	Utsatt skattefordel	14	**6 059**	**3 595**
-	-	**Sum immaterielle eiendeler**		**6 059**	**3 595**
		Varige driftsmidler			
800	800	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	5	176 806	146 862
1 524	225	Maskiner og inventar	5	9 324	3 114
2 324	**1 025**	**Sum varige driftsmidler**		**186 130**	**149 976**
		Finansielle anleggsmidler			
55 000	24 900	Lån til datterselskap	13	-	-
33 222	31 558	Investeringer i datterselskaper	8	-	-
16 100	13 900	Investeringer i tilknyttede selskaper	8	17 102	14 612
609	589	Investeringer i aksjer og andeler	8	609	589
13	52	Fordringer ansatte	4	3 257	3 927
-	-	Pensjonsmidler	4	-	-
979	979	Andre langsiktige fordringer		979	979
105 923	**71 978**	**Sum finansielle anleggsmidler**		**21 947**	**20 107**
108 247	**73 003**	**Sum anleggsmidler**		**214 136**	**173 678**
		OMLØPSMIDLER			
		Fordringer			
2 054	1 171	Kundefordringer	9,13	8 446	7 041
-	823	Fordringer til foretak i samme konsern	13	-	-
714	939	Andre fordringer		2 588	3 689
2 768	**2 933**	**Sum fordringer**		**11 034**	**10 730**
		Bankinnskudd og fond			
49 064	58 143	Rente- og aksjefond	7	54 884	63 781
35 708	42 645	Bankinnskudd	10,15	85 035	116 609
84 772	**100 788**	**Sum bankinnskudd og fond**		**139 919**	**180 390**
87 540	**103 721**	**Sum omløpsmidler**		**150 953**	**191 120**
195 787	**176 724**	**SUM EIENDELER**		**365 089**	**364 798**

BALANSE 31.12.2016
EGENKAPITAL OG GJELD

Norges Bondelag				Konsernet	
31.12.2016	31.12.2015	(Alle tall i hele tusen)	Note	31.12.2016	31.12.2015
		EGENKAPITAL			
		Opptjent egenkapital			
147 902	136 853	Annen egenkapital	12	183 170	173 223
15 000	15 000	Aksjonsfond	12	15 000	15 000
3 000	3 000	Informasjonsfond	12	3 000	3 000
-	-	Minoritetsinteresser	12	2 245	2 333
165 902	**154 853**	**Sum opptjent egenkapital**		**203 415**	**193 556**
		GJELD			
		Avsetning til forpliktelser			
8 161	7 420	Pensjonsforpliktelser	4	18 702	21 118
-	-	Utsatt skatt	14	-	-
8 161	**7 420**	**Sum avsetning til forpliktelser**		**18 702**	**21 118**
		Annen langsiktig gjeld			
-	-	Langsiktig gjeld	11	92 796	106 151
-	**-**	**Sum annen langsiktig gjeld**		**92 796**	**106 151**
		Kortsiktig gjeld			
1 509	1 058	Leverandørgjeld	13	8 757	5 106
-	-	Betalbar skatt	14	4 539	5 575
2 624	2 266	Skyldige offentlige avgifter		10 034	10 287
1 697	-	Gjeld til selskap i samme konsern		-	-
-	-	Avsatt utbytte		-	496
15 894	11 127	Annen kortsiktig gjeld		26 846	22 509
21 724	**14 451**	**Sum kortsiktig gjeld**		**50 176**	**43 973**
29 885	**21 871**	**Sum gjeld**		**161 674**	**171 242**
195 787	**176 724**	**SUM EGENKAPITAL OG GJELD**		**365 089**	**364 798**

Oslo 28.mars 2017

Styret i Norges Bondelag

Bjørn Gimming
1. nestleder

Lars Petter Bartnes
leder

Brita Skallerud
2. nestleder

Einar Frogner

John Erik Skjellnes Johansen

Tora Voll Dombu

Arne Elias Østerås

Ellen Krageberg

Arnstein Røyneberg

Nils Asle Dolmseth

Oddveig Gikling-Bjørnå

Birte Usland

Per Skorge
generalsekretær

KONTANTSTRØMOPPSTILLING
01.01.2016 - 31.12.2016

Norges Bondelag			Konsernet	
2016	**2015**	(Alle tall i hele tusen)	**2016**	**2015**
		Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		
11 049	9 308	Resultat før skatt	13 597	26 520
-2 200	-1 116	Resultatandel i datterselskap/tilknyttede selskaper	-3 090	-2 290
0	0	Periodens betalte skatter	-5 575	-5 051
0	0	Tap/gevinst ved salg av anleggsmidler	0	0
55	0	Ordinære avskrivninger	9 951	9 748
741	122	Forskjellen mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalinger	-2 416	-4 351
-432	-497	Endring i varer, kundefordringer og leverandørgjeld	2 246	4 040
9 079	-190	Verdiendring i markedsbaserte omløpsmidler	8 897	-203
7 909	-471	Endring i andre tidsavgrensningsposter	5 808	1 951
26 201	**7 156**	**Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter**	**29 418**	**30 364**
		Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		
-1 379	36	Investeringer i varige anleggsmidler	-46 132	-696
0	0	Resultat fra investeringer i tilknyttede selskaper	0	0
25	0	Salg av varige driftsmidler (salgssum)	75	85
-1 684	-8 022 0	Utbetalinger ved kjøp av aksjer	-1 684	-8 052
-30 100	0	Utbetalinger ved utlånsvirksomheten	0	0
0	0	Innbetalinger ved utlånsvirksomheten	0	0
0	0	Innbetalinger ved salg av andeler	0	0
-33 138	**-7 986**	**Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter**	**-47 741**	**-8 663**
		Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		
0	0	Utbetalt utbytte	-496	-496
0	0	Mottatt utbytte	600	1 465
0	0	Opptak av ny gjeld (kortsiktig og langsiktig)	0	13 338
0	-181	Utbetaling ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-13 355	-6 233
0	0	Kapitalforhøyelse	0	0
0	**-181**	**Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter**	**-13 251**	**8 074**
-6 937	**-1 011**	**Netto endring i likvider i året**	**-31 574**	**29 775**
